



BYKLE
KOMMUNE – Bykle ser langt

BYKLE KOMMUNE KOMMUNEPLAN SAMFUNNSDEL



Vedteken 15.10.2024



Innhold

Bykle i verda	5
Vår visjon - Bykle ser langt	7
Prioriterte satsingsområde	11
Arealstrategiar	19
Situasjon og utviklingstrekk for Bykle	20
– Sosial berekraft	20
– Økonomisk berekraft	22
– Natur og miljømessig berekraft	24
– Samfunnstryggleik og beredskap	25


Kommuneplan –samfunnsdel

Kommuneplanen er den viktigaste planen for Bykle kommune og ligg til grunn for all anna planlegging. Kommuneplanen består av ein samfunnsdel og ein arealdel. Samfunnsdelen gir retning for langsiktig utvikling av Bykle og definerer satsingsområde som skal ha særleg prioritet i valperioden. Kommunen leverer tenester og utfører forvaltningsoppgåver på ei rekke område. Satsingsområda i samfunnsdelen erstattar ikkje det løypande arbeidet kommunen gjer på alle desse områda, men peiker på kva område som skal ha særskilt prioritet i denne valperioden.

Mål, strategiar og tiltak konkretiserast i temaplanar og strategiar for sektorane eller for tverrsektorielle tema, som er underordna samfunnsdelen.

Arealstrategiane i samfunnsdelen gir bestilling til oppfølging av samfunnsdelen i arealplanane, først og fremst til rullering av kommuneplanens arealdel.

Økonomiplanen utgjer handlingsdelen av kommuneplanen. Prioritering av tiltak frå temaplanar skjer gjennom økonomiplan og budsjett. Satsingsområda vil bli fylgd opp og synleggjort årleg i økonomiplanen og ligg til grunn for vurdering av behovet for nye eller endra strategiar og temaplanar.



Bykle i verda

FN sine 17 berekraftsmål og dei tre berekraft-dimensjonane miljømessig, sosial og økonomisk berekraft har ligge til grunn for dei politiske drøftingane om mål og prioriteringar i denne planen.

Jf. nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027 er dei største utfordringane i Noreg når det gjeld å nå berekraftsmåla knytt til reduserte klimagassutslepp, ansvarleg forbruk, ressursbruk, bevaring av naturmangfald og mindre ulikskap. I tillegg møter kommunane andre store samfunnsutfordringar, m.a. som følge av ein aldrande befolkning og mangel på arbeidskraft innan ulike tenesteområde. Raske endringar kan gi behov for større grad av beredskap og fleksibilitet i planlegginga.

Regjering har som mål at politikken skal vere tilpassa regionale og lokale forhold slik at det også blir lagt til rette for ny vekst og sterkare utvikling i område med svak utvikling i folketalet. Sentralisering som svekker lokale tenester og tilbod er ikkje berekraftig. Alle kommunane skal ha høve til å utvikle små og store lokalsamfunn. Særleg i dei områda der folketalet går ned eller står stille, må det være betydeleg større vekt på lokale vurderingar og prioriteringar.

Fylkeskommunen har som regional utviklar ambisjonar om å ta heile Agder i bruk. Regionplan Agder er eit viktig styringsdokument for prioriteringar og satsingar i fylkeskommunal regi og vil vere viktig med tanke på å utløyse samhandling og samskaping med kommunen på tema som vedkjem lokale, regionale og nasjonale interesser. Det viktigaste potensialet for å samskape og legge til rette for satsingar og utviklingsarbeid er nedfelt i samarbeidsavtala mellom fylkeskommunen og kommunen. Avtala prioriterer samarbeid innanfor utdanning og levekår, energisenter og berekraftig stadutvikling i Bykle fjellbygd, rv. 9 med fossilfri kollektivtilbod og handtering av målkonfliktar knytt til naturforvaltning og friluftsliv. Ringverknadane av satsingar i Bykle kan vere viktige for å styrke kommunen sitt samla arbeidsliv, tenester, funksjonar og forhåpentleg med nye større etableringar.

Bykle samarbeider med dei andre setesdalskommunane gjennom interkommunalt politisk råd og gjennom interkommunale verksemdar t.d. brann, renovasjon, museum, IKT og barnevern.

BYKLE KOMMUNE SER LANGT

Bykle kommune er ein god stad å bu og leve!
Kraftkommunen øvst i Setesdal kan by på
fantastisk natur, fargerike bygdemenneske
og hyttebyklarar som år ut og år inn skaper
liv og røre rundt om!

Vår visjon - Bykle ser langt

«Bykle ser langt» er visjonen for Bykle kommune. Visjonen viser at Bykle kommune legg langsiktige perspektiv til grunn for samfunnsutvikling og tenesteproduksjon. Nedanfor er det konkretisert kva dette betyr for kommunen.

Bykle kommune har eit langsiktig perspektiv på forvaltning av dei store naturområda og -verdiane i kommunen av omsyn til framtidige generasjonar

Innanfor kommunegrensene til Bykle ligg store naturverdiar i form av både verdifulle kulturlandskap og større, samanhengande naturområde. Naturverdiane er grunnlaget for reiselivet, som den viktigaste næringa i kommunen. Bykle kommune skal ivareta samanhengande naturområde og hensynta villreinen si sårbarheit for ferdslø ved vidareutvikling av reiseliv og anna næringsliv.

Vidare utvikling av Hovden som reiselivsdestinasjon skal dreiest i retning av miljømessig berekraftige løysingar og sikre at naturverdiane, og dermed attraktiviteten, blir oppretthalde for framtidige generasjonar fastbuande, hytte-Byklarar og nye gjester.

Kommunen ønskjer å aktivere potensialet som ligg i jordbanken og utmarksbeita for å dyrke og produsere mat i Bykle.

Klimaendringar aukar fare for skred og flaum. Intakt natur gjer kommunen meir robust mot klimaendringar og bidrar til å binde karbon. Lokal samfunnsmessig nytte av å ta i bruk urørt natur og nærnatur til utbyggingsformål skal vegast opp mot verdien av å ivareta naturen for dagens og framtidige generasjonar. Kommunen skal drive god arealplanlegging som sikrar bruk og vern av areala i kommunen i eit generasjonsperspektiv.

Kommunen vil både gjennom eigen drift, tilskot, tilrettelegging og arealplanlegging ha fokus på ENØK, gjenbruk, delingsøkonomi og lågutslepp frå transport.

Bykle kommune sikrar ein berekraftig økonomi med inntekter frå lokal verdiskaping basert på lokale fortrinn i tillegg til kraftinntekter

Samfunnsutviklinga og arbeidslivet er tufta på naturressursane gjennom vasskraft, det stadbundne og eigenarta. Vi har villrein, er del av Setesdalskulturen, og har store varig verna naturområde som er unike og stadbundne fortrinn. Desse særmerka har potensial for meir lokal verdiskaping. Kunnskapsformidling, besøksforvaltning, opplevingar og attraksjonsutvikling kan gi grunnlag for ny verdiskaping og arbeidsplassar som vil understøtte vår identitet og stoltheit.

Dei store vasskraftutbyggingane i Bykle tener storsamfunnet og innbyggjarane våre. Velferdssamfunnet vårt er i hovudsak basert på kraftinntekter. Det er avgjerande for kommunen å sikre vidareføring av inntektsstraumen. Vi vil arbeide for ein bransjeutvikling som bygger på kraftproduksjonen gjennom å legge til rette for framtidsretta, kraftkrevjande verksemdar og andre nye næringar som spelar på lag med våre fortrinn. Dette krev utbetring av kapasitet i kraftnettet og effektive transportårer.

Kommunen og reiselivsnæringa skal saman vidareutvikle Hovden som eit attraktivt og berekraftig reisemål. Verdiskaping innafor reiseliv og hytteutvikling skal dreiest mot tenesteutvikling, auka belegg, aktivitetar og heilårsturisme. Utvikling av heilårsturisme vil kunne gje fleire heilårsarbeidsplassar i reiselivsnæringa.

Meir berekraftige løysingar og konsept skal prege hyttebygging i framtida. Vi skal ha medvit om kanalisering og tilrettelegging av ferdsle for å ta vare på naturverdiar og auke besøksattraktiviteten.

For å kople reiseliv og anna næringsliv i Setesdal til Telemark og Vestlandet, er oppgradering av rv 9 fram til Haukeli viktig. Vi vil arbeide for status som nasjonal turistveg og samanhengande traséar for nasjonal sykkelrute 3.

Reiseliv og landbruket i Bykle kyrkjebygd skal utviklast gjennom besøksforvaltning og aktivisering av kultur- og naturlandskapet rundt. Lønsamt landbruk, auka sjølvforsyning og meir satsing på lokalmat er eit mål for Bykle kommune.

Bykle kommune har eit langsiktig perspektiv på lokalsamfunnsutvikling og tenesteyting som gjer det attraktivt og godt å bu i Bykle heile livet

Bykle har eit mangfaldig samfunn med både folk som har budd her heile livet, permanente og mellombelse tilflyttarar og hyttebyklarar. Ulikskapen er vår styrke, men krev aktivt arbeid med å bygge felles kultur og identitet. Openheit og inkludering er viktig innanfor alle tenesteområda og i kommunen sitt arbeid med samfunnsutvikling. Det er eit mål for Bykle kommune å utnytte potensialet som ligg i mangfaldsamfunnet. Formidling av kultur og historie skal bygge tilhøyrigheit og stoltheit for heile Bykle.

Kommunens tenester skal legge vekt på høg kvalitet. Ved endra økonomisk handlingsrom vil kommunen prioritere tenester til innbyggjarar med særleg behov og lovpålagte oppgåver. Demografiske endringar og auka forventningar til kva kommunen skal bidra med krev tydelegare prioriteringar. Å sikre tilstrekkeleg og rett kompetanse vil vere avgjerande for utvikling av tenestetilbodet og ambisjonar for kommunen som arbeidsgjevar.

Kommunen ønskjer gjennom sitt tenestetilbod og i samarbeid med frivillige organisasjonar, å arbeide for trygge oppvekstmiljø for barn og unge med nulltoleranse mot krenking. Dette vil ein gjera m.a. ved å vidareutvikle aktive lokalmiljø med som fremjar deltaking i meningsfylte fritidsaktivitetar, rusfrie møteplassar og fysisk aktivitet for alle. Kommunen har i lag med fylkeskommunen eit særleg ansvar for å sikre transportilbod som gir auka mobilitet og deltaking.

Bykle har to bygdesentra, fjellbyen Hovden og fjellbygda Bykle. Utvikling av desse skal vere tufta på stadenes ressursar, identitet og eigenart. Stadutviklinga skal fremje differensiert utvikling i Bykle kyrkjebygd og Hovden, basert på medvitne val om lokalisering av funksjonar og tenester som samla gir eit godt tilbod for innbyggjarane.

Kommunen skal til ein kvar tid ha tilgjengelege bustader for vanskelegstilte, legge til rette for bustadbygging tilpassa framtidige behov og vere ein ansvarleg aktør i bustadmarknaden. Handheving av bu- og driveplikt er sentralt for å få fast busetting og drift på gardsbruka i kommunen og levande bygder.

I ein uroleg verden skal Bykle sikre trygge og stabile lokalsamfunn. For å lykkast med dette vil kommunen vere open og endringsvillig. Bykle ønskjer å møte framtidens utfordringar som eigen kommune.

Bykle kommune vil samarbeide og samskape

Bykle kommune skal legge til rette for ønska samfunnsutvikling og levere gode tenester til innbyggjarane, men er avhengig av innbyggjarane og samarbeid med ei rekke aktørar for å lykkast med sine ambisjonar for Byklesamfunnet.

Arbeid med samfunnstryggleik og beredskap i ei uroleg verd med aukande utfordringar knytt til klimaendringar, krev systematisk samarbeid med nabokommunar, regionale styresmakter og andre eksterne aktørar.

Kommunen skal ha eit langsiktig perspektiv på samarbeid med relevante aktørar og vere ein pådrivar for regionale og interkommunale samarbeid for å sikre naudsynt kompetanse og kvalitet i tenestene på sikt. Interkommunale samarbeid skal vere lønnsame, framtidsretta og effektive.



Prioriterte satsingsområde

Satsingsområda følger opp kommunen sin visjon. Dei erstattar ikkje det breie og løypande arbeidet kommunen gjer på ulike samfunnsområde, men syner kva som skal ha særleg prioritet i valperioden. Dei peiker og på forventningar kommunen har til samarbeid med andre offentlege aktørar, næringslivet og frivilligheita. Korleis satsingsområda skal følgast opp avklarast gjennom arbeidet med tiltak og prioriteringar i økonomiplanen og gjennom temaplanar og strategiar.

KVALITET I KOMMUNALE TENESTER TILPASSA FRAMTIDA

Bykle har eit godt tenestetilbod og er ein handlekraftig politisk og administrativ organisasjon. Kommunen ønskjer å yte eit godt tenestetilbod. Ein opplev likevel at innbyggjarar og besøkande sine forventningar i aukande grad er høgare enn det kommunen har kapasitet til å innfri.

Behov for helse- og omsorgstenester kan auke og utfordre kommunen sitt samla tenestetilbod. Demografisk utvikling og utfordringar med å rekruttere kompetanse til små fagmiljø og distrikt krev nye grep for å sikre bemanning og kvalitet i tenestene. Tenestene kommunen er pålagt å levere vert stadig meir komplekse og krev høg kompetanse innanfor ulike fagområde. For å oppretthalde og vidareutvikle kvalitet i tenestene er det naudsynt å prioritere innanfor økonomiske rammer og tilgjengelege personellressursar.

Dette satsingsområdet inneber prioritering av:

- Å styrke kvalitet i primæroppgåver og lovpålagte tenester. Dette inneber at omfang og nivå på tenester innanfor kvar sektor må vurderast for å avklare framtidig differensiering av tilbod
- Fokus på faglege kvalifikasjonar og profesjons-utdanningar ved rekruttering
- Administrativ organisering som sikrar strategisk utviklingskapasitet og tverrfagleg samarbeid, kvalitet og effektivitet i drift og tenesteutvikling
- Bygge ein organisasjonskultur med vekt på tydeleg leiarskap og ansvarleg medarbeidarskap
- Prioritere systematisk folkehelsearbeid, tverrfagleg samhandling og tidleg innsats for barn og unge
- Sikre tilstrekkeleg beredskap knytt til digital infrastruktur for samfunnskritiske tenester i kommunen

STADUTVIKLING I BYKLE

Bykle sine to tettstader, Hovden og Bykle kyrkjebygd, har kvar sine særpreg og har hatt ulik utvikling. I både tettstadene er det barnehage og barneskule. Bykle kyrkjebygd er kommunesenter med kommuneadministrasjon, skule, ungdomsskule og Bykle helsesenter med aldersheim og helsetenester.

På Hovden er privat næringsliv ei sterkare drivkraft enn i Bykle. Dersom utviklingstakta i Bykle skal auke, krev dette at kommunen tar ei meir aktiv rolle.

Dette satsingsområdet inneber prioritering av:

- Utviklingsarbeid for Bykle kyrkjebygd med vekt på bustadattraktivitet, nærings- og attraksjonsutvikling basert på lokale fortrinn og stadkjensle
- Sikre rimelege bueiningar og eldretilpassa mindre bueiningar i sentrum
- Kunnskapsformidling og synleggjering av kva produksjon av fornybar kraft har betydd og betyr i det grønne skiftet
- Lokalisere og utvikle pilotprosjekt knytt til arbeid og inkludering til Bykle
- Utvikle lågterskel møteplassar, m.a. gjennom samlokalisering og sambruk av bygg
- Kommunale ressursar til tilrettelegging og investering kommunal infrastruktur og anlegg i Bykle kyrkjebygd.







DESTINASJONS- OG SENTRUMSUTVIKLING PÅ HOVDEN

Hovden som reiselivsdestinasjon og handelssentrum har tyngdekrafta i kommunen når det gjeld tal innbyggjarar og gjester og har helsehus og vidaregåande skule.

Dette satsingsområdet inneber prioritering av:

- Utvikling av Hegni og aktivitetsaksen langs elva opp til sentrum og skisenteret
- Samarbeid med Statens vegvesen for å legge om RV9 og utvikle eit trygt og gåvenleg Hovden sentrum
- Utvikle lågterskel møteplassar og ei meir attraktivt sentrum for fastbuande, tilreisande og lokalt næringsliv. Leikeplass vil vere eit aktuelt tiltak.





EIT MEIR VARIERT NÆRINGS LIV

Reiseliv, industri og entreprenørar utgjør størstedelen av næringslivet i Bykle. Reiselivet er både sesongbasert og konjunkturutsatt. Eit meir variert næringsliv kan gjere Bykle meir attraktivt og robust, gi grunnlag for fast busetting og levedyktige bygder og kan gje fleire heilårs- og kopetanse-arbeidsplassar. Jordbanken og utmarksbeita gir potensiale for auka matproduksjon og sjølvforsyning i Bykle.

Bykle kommune driv næringsutvikling m.a. gjennom tilrettelegging av næringsareal og -bygg og drifting av reiselivsmessig infrastruktur. Kommunen finansierer også destinasjonsselskapet, Hovden skigymnas og kommunalt utviklingsselskap og har ei næringsramme som går til tilskotsordningar til enkeltverksemdar og ymse fellestiltak.

Dette satsingsområdet inneber prioritering av:

- Strategisk arbeid med korleis kommunen mest målretta kan nytte sin innsats for å styrke næringslivet og legge til rette for nyetableringar
- Utnytte bransjeeffekten av å vere kraftkommune
- Pådrivar for å få forsterka nettkapasitet og tilgang til energi frå dagens lokale kraftproduksjon for å legge til rette for kraftkrevjande næring
- Pådrivar og fasilitator for vidareutvikling og organisering av fjellandbruket med niskeproduksjon tilpassa klima endringar, ny teknologi, nydyrking og bruk av areal som er gått ut av produksjon.
- Pådrivar for gul stripe til Haukeli for å understøtte RV9 som transportkorridor med tilknytning til E134 og framtidig høgfartsbane







Arealstrategier

Arealstrategiane synleggjer korleis mål og prioriteringar i samfunnsdelen skal følgast opp i arealplanlegging og gir bestillingar til revisjonen av kommuneplanens arealdel, der avklaring av arealbruken vil skje.

SOSIAL BEREKRAFT

- Kommunen vil legge til rette for vidareutvikling av Bykle kyrkjebygd og Hovden med bustader, handel og møteplassar og gåvenlege sentrum
- Det skal leggjast til rette for leilegheiter og mindre bueiningar i både sentra
- Kommunen vil legge til rette for både nye bustad-konsept, lys i dagens bustader og gardsbruk og høve til bustadbygging i grendene
- Det skal leggjast til rette for friluftsliv i nærområda til bustader og fritidsbustader og trygge skulevegar og ferdselsårer til sentrum
- Sikre aktivitetsaksen langs elva frå Hegni til skisenteret på Hovden

ØKONOMISK BEREKRAFT

- Hovudstruktur for næringsareal i kommuneplanens arealdel (2019) vidareførast. I tillegg skal det vurderast eigna areal for større kraftkrevjande etableringar nær kraftproduksjonsstaden i Bykle og eigna areal for lager for handverksverksemder ved Hovden
- Legge til rette for areal til forsterka nettkapasitet for nye etableringar
- Legge til rette for at destinasjonen Hovden skal dreiest mot heilårsaktivitet med attraksjonar, levande sentrum og aktivitetsområde i samarbeid med næringslivet
- Framtidig hyttebygging skal i hovudsak skje i Midtregionen
- Vurdere korleis lokalisering av næringsområde og funksjonar kan bygge opp under sentrumsutvikling i Bykle kyrkjebygd
- Sikre dyrkbart areal og kulturlandskap for lokal matproduksjon og utvikling av reiseliv

MILJØMESSIG BEREKRAFT

- Naturen og naturressursane er grunnlag for busetting og reiseliv i Bykle, og vi vil forvalte areala i eit generasjonsperspektiv
- Vidareutvikling av Hovden som reiselivsdestinasjon skal i hovudsak skje innanfor allereie avsette byggeområde og med miljømessig berekraftige utbyggingsformer
- Vurdere fortetting og høgare utnytting i sentrumsnære hytteområde med tilstrekkeleg infrastruktur
- Ein skal legge til grunn at nye byggeområde ikkje skal leggjast på myr
- Vurdere ei langsiktig byggegrense (kotehøgde) mot fjellet i pressområde og kunnskapsbaserte grep for å kanalisere ferdsel bort frå sårbare område for villreinen, som tilrettelegging av løyper i låglandet og sentrumsnært
- Tidlegare vedtatt arealbruk skal revurderast på bakgrunn av ny kunnskap om klimaendringar, samfunnstryggleik, myr og andre naturverdiar og nye nasjonale og regionale føringar. Ein opnar for å ta ut konfliktfylte byggeområde i gjeldande kommuneplan.
- Ved vurdering av framtidig arealbruk skal ein ha merksemd på førebygging og konsekvensar av klimaendringar.

Situasjon og utviklingstrekk for Bykle



Kommuneplanen bygger på eit breitt grunnlag av kunnskap. Dette utdraget sumerar opp utviklingstrekk, moglegheiter og utfordringar som utgangspunkt for prioriteringar i samfunnsdelen. Samla kunnskapsgrunnlag er å finne på bykle.kommune.no.



SOSIAL BEREKRAFT

Bykle kommune har positiv folketalsutvikling, fødselsoverskot og netto tilflytting siste tiåret. Barn og unge har gode oppvekstvilkår i kommunen, og ungdata-undersøkinga understøtter dette. Samstundes ser ein utfordringar med små einingar, både med omsyn til fagmiljø, nærmiljø og psykososialt miljø. Det kan føre til at nokre opplev å falle utanfor og kjenner på einsemd. Utanforskap, anten det skuldast å vere utanfor utdanning/arbeid eller sosiale orsakar, er ei utfordring.



Fleirtalet av innbyggjarane har grunnskule, vidaregåande skule eller "kort" høgare utdanning som høgaste utdanningsnivå. Dette disponerer for sosial ulikskap. Karane i Bykle har hatt fallande forventa levealder i same periode som alle grupper opplever vekst i levealder.



Personar i aldersgruppa 80-90 vil venteleg bli nær dubla dei neste 10 åra. Det vil gi monaleg redusert aldersbereeve sjølv om prognosar om forsiktig folketalsauke slår til. Aldersbereeve vil vere ei folkehelseutfordring om framskrivingane blir realitet. Velferdsteknologi kan bidra til effektivitet, men det vil vere behov for hender og kompetanse for å gje naudsyste tenester på forsvarleg nivå. Det vil vere viktig å legge til rette for at brukarane vert ressursar i eige liv og for kvarandre, og det vil vere behov for å mobilisere lokale ressursar ut over dei offentlege.



God kommuneøkonomi har gitt høgt nivå på tenester og bemanning, og innbyggjarane har høge forventningar til tenestenivået. Kommune har eit robust helsetilbod i samarbeid med Valle. Det er utfordringar med å rekruttere og behalde personell i nokre tenester, særleg for personell med høg utdanning. Innanfor helse, skule og plan- og byggesak er det krevjande å få tilstrekkeleg med kvalifiserte medarbeidarar. Dette gir høg arbeidsbelastning, høgt sjukefråvær og i nokre tenester høg turnover. Fagnetteverk, samarbeid mellom kommunar og tenestekjøp kan vere naudsynt for å sikre kompetanse og kapasitet. Arbeidsoppgåvene blir stadig meir komplekse og spesialiserte. Å ta ut potensialet som ligg i digitalisering krev kompetanseheving i arbeidsstokken. Digitalisering kan og opne for å arbeide meir fleksibelt og slik kunne møte nokre rekrutteringsutfordringar.



Kommunen er forplikta til å gi naudsynste tenester til alle som bur eller oppheld seg i Bykle. Venteleg vil det bli fleire eldre hyttebuarar, og helse- og omsorgstilbodet må tilpassast auke i hytteturisme og reiseliv. Store svingingar i folketal og avstand til sjukehus gjer dette krevjande i helsetenestene, særleg for legevakttilbodet. Helsetenestene er bygd opp for eit større innbyggartal enn dei som bur i kommunen, noko som gir større fagmiljø og robustheit ein elles ikkje ville hatt. Kommunen er og interessant for utprøving av ny teknologi og samarbeidsprosjekt med spesialisthelsetenestene, basert på at ein har ressursar til å vere proaktiv med.

Dei fleste flyktningane i Bykle kjem frå Ukraina. Regionale og nasjonale trendar med auke i familiar med vedvarande låginntekt ser ikkje ut til å gjelde så sterkt her. Auka kostnadsnivå slår likevel hardest ut for einslege, låginntektsfamiliar og flyktningar. Rask introduksjon av flyktningar til lokalt arbeidsliv vil slik styrke inntektsgrunnlaget for fleire. Manglande kollektivtilbod stiller krav til eigentransport og er ei barriere som kan forsterke både utanforskap og einsemd. Det gjer til at mange slit med å gjere seg nytte av tilbod og å kome seg i arbeid raskt.

Det er meir variert befolkningssamansetning i Bykle enn i samanliknbare kommunar på grunn av reiselivsnæringa. Folkehelseundersøkinga syner utfordringar i kulturbygginga mellom fastbuande og tilflyttarar, sesongarbeidarar og andre. Det gir udefinerbare psykososiale konfliktrar i lokalsamfunnet.

Innbyggjarundersøkinga frå 2022 syner at 78% ønskjer å bli buande i Bykle og heile 80 % gir uttrykk for at dei er engasjerte i utviklinga av kommunen. Dette kjem og til uttrykk gjennom høg valdeltaking.

Dei fleste bur i einebustader. Det er låg utbyggingstakt på nye bustader, men det har vore eit lite oppsving dei siste åra. Kommunen har ledige regulerte tomter både i Bykle og på Hovden. I dei kommunale bustadfelta er det buplikt for å ikkje få bruk av rimelege bustader som fritidsbustader.

Kommunen er ein stor og aktiv aktør i bustadmarknaden med 60-70 bustader for utleige. Nokre som bufellesskap og hyblar til elevlar ved Skigymnaset, nokre for tilsette i kommunen og nokre for å dekke bustadsosiale behov. Det nyaste er to leilegheitsprosjekt for nyetablerarar – leige for eige, og leilegheiter for kommunalt tilsette som både vart raskt fullteikna. Reiselivet etterspør bustader for sesongarbeidskraft. Prisnivået og lite rullering i dei kommunale leigebustadene er truleg medverkande til at det er liten omsetning av private bustader. Kommunen si rolle som utbyggjar innafor bustadmarknaden påverkar dynamikken for private aktørar. Økonomisk støtte til bustadbygging på subsidierte kommunale tomter gjer det vanskeleg å få til lønsame bustadprosjekt for private, og det er lite private bustadprosjekt både i Bykle og på Hovden.



ØKONOMISK BEREKRAFT

Bykle er kraftkommune med solide inntekter frå vasskrafta. Kraftinntektene er under press. Meir inntektsutjamning mellom kommunane i Noreg eller vesentleg reduksjon i inntektsgrunnlaget vil innverke sterkt på drift og tenester. Solide inntekter over tiår er m.a. investert i varige anlegg, bygg og infrastruktur, tilpassa både fastbuande og tilreisande. Det gir høge driftskostnader pr innbyggjar. Dei økonomiske ringverknadane av hyttebygginga er under kartlegging. Ved eventuelle reduserte inntekter vil ein få utfordringar både med å redusere teneste- og servicenivået. Investeringar i faste anlegg gir langvarige føringar for driftskostnader, som kan blir krevjande å halde oppe med evt. reduserte inntekter i framtida. Ein ventar likevel at kommuneøkonomien ikkje blir radikalt endra på kort sikt.

Inntektsgrunnlaget gir handlingsrom for å drive innovasjon og endringsarbeid med tanke på effektivisering og å finne nye måtar å arbeide på. Det kan gjere kommunen rusta til drive godt også innfor eventuelle endra rammeføretnader.

Bykle har høgare del tilsette i privat sektor enn snittet for Agder. Flest arbeider innfor bygg og anlegg, helse og sosialtenester, dernest overnatting, servering og varehandel. Dei største private verksemdene er Hovden hytteservice og Bykle vindu. Kommunen og offentlege arbeidsplassar er og viktige. 30% av innbyggjarar i arbeid er tilsette i kommunen (42% av kvinnene, 15% av mennene).

Store delar av næringslivet er knytt til utbygging og vedlikehald av fritidsbustader og tenester innanfor reiseliv. Dette er næringar som tradisjonelt har avgrensa lønsemd og lønsnivå. Næringane gir sårbarheit for konjunktursvingingar og i høve sysselsetting. Reiselivet gir sesongvariasjonar i arbeidsmarknaden og utfordringar i å skape fleire heilårsarbeidsplassar.

Sysselsettingsgraden er høg. Likevel står om lag 100 av 650 personar i arbeidsfør alder permanent eller mellombels, heilt eller delvis utanfor arbeidslivet. Avstand til andre og større arbeidsmarknader stiller større krav til arbeidsmarknaden lokalt. Verksemdar som primært er innretta mot lokal marknad gir avgrensa vekstpotensial. Det er 28% innpendling og 20% utpendling til og frå Bykle. Ein har felles bu- og arbeidsmarknad med Valle og øvre Telemark (sterkt påverka av ei entreprenørverksemd).

Kommunen sin status som fritidsarena for Kristiansand gir potensiale for større etableringar og nye næringar gjennom fritidsinnbyggjarar med ressursar til å etablere nye verksemdar lokalt.

Hovden er ferie- og reisemålsorientert med stor grad av private næringsliv. Bykle fjellbygd er administrasjonssentrum, har landbruks- og bygdelivsorientering, og noko næringsaktivitet. I Bykle er handels- og sentrumsfunksjonar noko meir spreidd. Hovden har eit tydelegare sentrum med fleire handel og serveringstilbod. Både stadane har gode møteplassar og tilbod drive av kommunen. Stadane har ulik eigenart og identitet. Det er behov for positiv og differensiert utvikling av både tettstadene.

Kommunen tilstrevar likeverdige og fullverdige tenestetilbod på både stadane. Det er ressurskrevjande og gir små miljø for tilsette og brukarar. Over tid kan det bli ei utfordring dersom økonomien bli strammare.

I og rundt Hovden er det regulerte område til handel og reiselivsnæringar o.s.b., m.a. eit nyleg regulert 3 daa kombinert nærings- fritidsbustadområde i Hovden sentrum vest. Det ligg og krav om næringsareal på gateplan for etableringane i Otravegen. Det er etterspurnad etter meir næringsareal nær Hovden sentrum til lager, handverksverksemdar og liknande.

Kommunen er i ferd med å regulere eit større område i midt-regionen, ved Tykkås, for grovnæringar. På sikt vil ein også få tilgjengeleg næringsareal på Hartevatn industriområde, etter kvart som massetaket er slutført. I Bykle kyrkjebygd ligg Sarvsnetten industriområde med ein del ledig næringsareal. Bykle sentrum har litt spreidde regulerte areal til forretning, hotell og bensinstasjon. I nedre del mot Bykjilsmoen ligg større område avsett til næring i kommuneplanen sin arealdel som førebels ikkje er regulert. Næringslivet har synspunkt på at det manglar tilgang på næringsareal og areal til ulike føremål på rett stad.



NATUR OG MILJØMESSIG BEREKRAFT

Kommunen har store naturverdiar. Naturen, heiene og vassdraga er og sterkt prega av omfattande vasskraftutbygging med demningar, anleggsvegar, kraftliner og tilhøyrande anlegg.

Heile 63 % av samla areal er varig verna etter naturmangfaldslova. I tillegg inngår mykje av resterande areal i villreinstamma sitt leveområde. Kvalitetsnorm for villrein vart lagt fram i 2024. Den vil truleg medføre forsterka fokus på leveområde og funksjonsområde med kalving og trekk. Ferdsle følgjer av hyttebygging og reiselivssatsing på anleggsvegar og løyper i og gjennom funksjonsområda, med potensielle målkonfliktar. Staten har og forventingar til kommunal planlegging m.a. om redusert nedbygging av natur og ei meir berekraftig arealforvaltning.

Hyttebygging har vore, og er viktig for samfunnsutvikling og næringsliv. Samla er det kring 3000 fritidsbustader i kommunen. Det er aukande merksemd på negative konsekvensar av nedbygging av natur i Noreg. I Bykle er snaut 0,5 % av samla areal er bebygd. Arealrekneskapen syner store arealreservar avsett til framtidig utbygging av hytter, særleg i midt-regionen, med opp mot 3000 daa avsett i gjeldande arealdel.

Naturen og fellesgodane er viktigaste aktivum og attraktivt for reiselivet. Attraksjonsutvikling og formidling kan omhandle verneverdiar, villrein, kulturhistoria og vasskraftutbygginga, som motiv for å ta vare på naturverdiane. Samstundes kan desse bli utsett med forstyrning av dyreliv, slitasje og forringing gjennom utbygging.

Fjellandbruket i Bykle er karakterisert med rike utmarksbeite og avgrensa innmarksareal til dyrking av vinterfôr. Det er 14 bruk i drift, eit mjølkebruk, 9 bruk med anna storfe og 6 bruk med sau. Ein del av innmarka er overflatedyrka og tungdriven og har gått ut av bruk, samstundes som det skjer ein del nydyrking. Dei siste tiåra er det færre som er busett på gardsbruka. Det ligg eit potensiale i å aktivere og ta vare på naturressursane gjennom besøksforvaltning som koplar reiseliv og landbruk. I Bykle kyrkjebygd er det verdifulle kulturlandskap og verdifulle naturtypar.

Ein opplev at det er ei dreining mot etterspurnad etter meir berekraftig hyttebygging, med mindre tomter og einingar, mindre «fotavtrykk» og gjerne med delingsøkonomimodellar som kan auke belegg per eining. Både kommunen, næringsliv og innbyggjarar må forvente auka fokus på klimavennlege løysingar framover.

Det ligg nasjonale forventingar til kommunane om å medverke til reduserte klimautslepp. Dei største kjeldene til direkte klimagassutslepp i Bykle er tunge køyretøy (vegtrafikk) og maskiner i bygg- og anleggssektoren. Store mengder karbon er bunde i naturen, særleg i myr og høgbonitet skog. I kva grad karbonrike areal blir bevart, vil såleis vere sentralt for klimarekneskapen framover. I det store biletet bidreg fornybar-kraft-produksjonen til positive klimarekneskap langt utover kommunen sine grenser.

I ordsiftet om vidareutvikling av Hovden som turistdestinasjon drøftar ein korleis ein skal møte framtida med varme senger som styrkar staden, om ein skal oppretthalde planreserve for framtidige hotell eller om kombinerte føremål med leilegheiter som er tilrettelagt for utleige vil sikre større belegg og tal gjestedøgn. Reiselivet er innstilt på å innfri krav til miljømessig berekraft og naturomsyn framover. Ikkje minst vil dette gjelde meir vekt på grønne innkjøp og ei innkjøpsmakt som vektlegg miljømessig berekraft.

At kommunen har nokre av dei største vasskraftproduksjonane i landet, er eit utgangspunkt for å ta meir aktivt del i det grønne skiftet. Våre stadbundne fortrinn innafor energi, natur, kulturarv er moglegheiter for å ta del i etablering av nye og framveksande næringar og sikre større breidde og annan kompetanse i arbeidslivet lokalt.

SAMFUNNSTRYGGLIK OG BEREDSKAP

Jordbruket i Bykle er utsett og på marginane med bruksstorleik og klimatiske tilhøve. Samstundes har styrkt fokus på jordvern og auka sjølvforsyningsgrad vekt medvitet om å aktivere jordbanken til meir variert matproduksjon. At jordvegen er bratt og stadvis ikkje halden i hevd, kan likevel gi moglegheiter for meir dyrking av nye vekstar, bruk av mindre og automatisert utstyr og samarbeid for å nyttegjere seg ressursgrunnlaget framover. Ein ser aukande interesse for lokalmat, rein og trygg mat og sjølvdyrking/andelslandbruk, som kan vere inngangar til framtidig landbruksmodell.

Klimaendringane fører venteleg til meir ekstremvær. Kommunen må bu seg på meir kraftig nedbør både i intensitet og hyppigheit, fleire og større flaumar og meir krevjande overvasshandtering i og langs vassvegane og kring samfunnsviktig infrastruktur. Med kraftigare vørskifte og mykje nedbør kan ein og vente at faren for skred og ras vil auke.

Faren for uønskte hendingar knytt til samfunnsviktig infrastruktur kan vere konsekvens av m.a. klimaendringar, terror og driftssvikt. Fysisk infrastruktur knytt til vasskraft, hovudvegnett og kraftforsyning er eigd og blir handtert av andre enn kommunen. Samfunnskritiske tenester i kommunen vil vere særleg sårbare for svikt i digital infrastruktur

Hyttebygging krev stadig meir av kommunens tekniske infrastruktur. Etablering av nye hytteområde er ikkje alltid koordinert med planlagt oppgradering og rekkefølge for utbygging av kommunalt vatn- og avløpsnett. Det fører til auka risiko for kollaps eller utfordringar med levering av tekniske tenester. Kommunen sikrar at det ikkje blir opna for utbygging i farlege område gjennom gode rutinar i arealplanlegginga. Bykle har generelt høgt fokus på samfunnsikkerheit og beredskap, og eit robust apparat for krisehandtering.

”

*Ifrå Bykle å ut ti Kjili
ska ette gånålt ver tjuge mili.
Då kan du tru at det teke ti
fyrr da kåme heimte me klyvjo si.*

”



© BYKLE KOMMUNE 2024

Sekretariatet: Signe Sollien Haugå, Anne Sæther Lislevand og Kristin Karlbom Dahle

Tress Design: grafisk design

Foto: Marit Simonstad Kvaale, Anders Martinsen fotografer og privat

Stev: henta frå «Stev for dagen» av Bråten Berg, Rolfsen, Rysstad

Atterhald om trykkfeil



**BYKLE
KOMMUNE**

Sarvsvegen 14, 4754 Bykle
T 37 93 85 00

postmottak@bykle.kommune.no
Org.nr.: 958 814 968

